


Forstanderen som ville være diakon, men måtte gå

## - Tenarsinn mot lærestrid

*Ei ny og ukjent historie er avdekket av Gunnar Stave. Diakonhjemmet sin andre forstander Theodor Dahl hadde eit oppgjær med styret som knapt nok var nemnt i styreprotokollane.*

*Brevvekslingar mellom han og den danske venen Sigurd Madsen har avdekket ei svært dramatisk historie. Han møtte Madsen første gong på studentmøte i Danmark i 1987. Brevet er fortsatt i familien Dahls eige. Vi kan her presentere nokre avsnitt frå boka.*



I dei første femten åra hadde forstandaren all makt og mynde i det daglege arbeidet.

På grunn av den økonomiske krisa fann styret det nødvendig å endre på dette for å få betre kontroll med økonomien. Det ville dele leiarsfunksjonen mellom ei forstandarstilling som først og fremst skulle ha den åndelege leiarskapen, og ei forvaltarstilling med ansvar for økonomien.

Theodor Dahl var, slik Halvorsen såg det, ein person som kunne fylle den åndelege leiarrolla. Dahl hadde dei eigenskapane som skulle prege ein diakon, og svara derfor sjølv til det produktet som Diakonhjemmet ville skape. Han identifiserte seg sterkt med ideala om sjølvfornekting og oppofrande teneste og såg det som si oppgåve å styrkje desse ideala, både blant diakonane og i leiinga. Brevet som Dahl skreiv til Sigurd Madsen, viser at han frå studietida av var sterkt opptatt av desse ideala. Han var kritisk til det utvendige kristenlivet som prega statskyrkja, og samtidig kritisk til dei ukyrkjelege retningane som ville skape fornying utanom kyrkja. Meir ånd og liv, gudsfrykt og sjølvfornekting, overgiving og teneste, det var visjonar han sjølv strekte seg etter, og visjonar han hadde for kyrkja. Så sterkt var han opptatt av desse ideala at han i studietida vurdert å avbryte teologistudiet for å bli diakon. «Min tanke var at blive diakon. Jeg trodde bl.a. at jeg som saadan skulde faa anledning at øve mig i selvfornegtelse,» skreiv han til Madsen. Faren og nokre

andre som stod han nær, overtalte han til å fullføre studiet.

Då Dahl var ferdig med utdanninga, tok han opp att tanken om å bli diakon, og i 1899 blei han opptatt som elev ved Diakonhjemmet. «Jeg har stor interesse for denne gjerning og tror, det for mig selv vil blive en gavnlige øvelse til gudfryktighed,» skreiv han då. Den første tida som diakon måtte han starte på botnen, og øve seg i audmjukskap og tolmod i den «minst interessante post som fanst». Han vaska golv, pussa lampar og oppvarta reservelegen. Seinare fekk han opplæring i sjukepleie, men etter kvart fekk han bruke meir av sine teologiske kunnskapar i sjelesorg og undervisning. Under opphaldet på Diakonhjemmet bestemte han seg for å leve ugift, slik at han heilt kunne vie seg til den kyrkjelege tenesta.

Møtet med diakonane blei skuffande for Dahl. Han fann ikkje den idealisme som han hadde venta. Det var tvertimot ei sløv haldning som prega mange av diakonane. Han fortalde mellom anna til Madsen om ein samtale med ein av medelevane om kyrkjelydsdiakonen måtte få ei anstendig løn. Eit slikt perspektiv på diakonien var, slik Dahl opplevde det, utan ideal. Når slike haldningar kunne utviklast blant diakonane måtte årsaka finnast høgare opp i systemet, meinte Dahl. Like etter at han hadde slutta som diakon og flytta til Bergen, skreiv han eit brev til Madsen om dette. Det som er gale på Diakonhjemmet, skreiv han i dette brevet, er at det ikkje går ut nokon tærande eld i

retning av sjølvfornekting og oppofrande teneste frå toppen, frå forstandar og styre. Dessutan var det ei ulukke, seier Dahl, at styret tenkte meir på kvantitet enn kvalitet då dei bygde ut Diakonhjemmet.

Den kritiske innstillinga både til styret og Halvorsen var like levande hos Dahl då han nokre år seinare blei kalla til forstandar. I brevet der han fortel til Madsen om sitt besøk på Diakonhjemmet sommaren 1904, lar han brevkameraten forstå at han meiner Halvorsen burde trekt seg for lenge sidan. I eit seinare brev skriv han at Halvorsen visst nok søker seg vekk frå Diakonhjemmet, men han tar ikkje kva som helst, for han er godt vand takka vere forskjellige bistillingar som har tatt arbeidskrafta hans vekk frå institusjonen. Dahl gir eit mørkt bilete av det som skjer ved diakonanstalten. Finansane er som eit botnlaust svelg. Kreditorane må vente i årevis på det dei skal ha, men like fullt er det lite offervilje ved institusjonen. Det er fælt å tenkje på kva som går for seg under namnet av å tene Herren, skriv han. «Kommer jeg til hjemmet, gaar vel det meste av min formue i dette bundløse svælg.» Det får så vere, dersom det kan hjelpe, seier han, men det er ikkje udelt hyggelig å måtte bøte for andres finansielle lettsinn. «Men skal ikke hjemmet gaa fallit og skandalen blive aabenlys, maa der vistnok bødes alvorlig.»

I det oppryddingsarbeidet som blei gjort i åra etter leiarskiftet, har Dahl på mange måtar kome i skuggen av forvaltar Hulebak. Hulebak har framstått som Diakonhjemmets økono-

Forstander og diakon Theodor Dahl (sittende t.v.) vart offer for den harde kyrkjestrident då han valgte tenarsinn framfor skarpe teologiske standpunkt. Kullbilde frå 1905.



miske redningsmann, mens Dahl har vore tildelt ei meir dunkel rolle. Det har sjeldan vore framheva at Dahl personleg gav ei vesentleg økonomisk støtte til Diakonhjemmet. Endå meir i det dunkle ligg hans innsats for å utvikle kulturen ved Diakonhjemmet i pakt med dei diakonale idealane han brann for. Dette såg han som den viktigaste sida ved arbeidet sitt. Heilt ukjent har det vore at Dahl etter åtte år sa opp stillinga si etter ein konflikt med formannen i styret, Thore Godal.

Dahl var, i Godals auge, blant dei som ikkje i tilstrekkelig grad tona flagg i den teologiske og kyrkjepolitiske striden, og det var uakseptabelt for Godal. Hans strenge forsvar for læra blei med styrke og konsekvens også utøvd ved Diakonhjemmet.

I eit seinare brev karakteriserer han seg sjølv som yttarst konservativ. Det står for meg som umogleg å vere prest i Den norske kyrkja dersom eg ikkje trur på Kristi evige guddom og oppstoda, seier han. Men samtidig er eg blitt meir og meir klar over at vår Herre ikkje spør så mykje etter meiningar som etter tillit, og at vi er lydige mot vår herre og konge. Der er eg nok svært moderne, seier han. For Dahl var det rette livet like viktig som dei rette meiningane. Derfor blei den diakonale sida ved kyrkja så viktig for han.

Slik Dahl omtaler seg sjølv, framstår han ikkje som ein spesielt radikal teolog, men han vegra seg for å ta parti med fløyane i kyrkjestrident. Han plasserte seg sjølv i ei mellomstilling og ønskte å bygge bru mellom dei stri-

dande partane. Så uforsonleg som strident var kom dei som ville formidle mellom fløyane, i ei svært vanskeleg stilling.

For Dahl var det viktig at Diakonhjemmet ikkje blei innblanda i den kyrkjepolitiske strident. Han gav stadig uttrykk for at det kyrkja hadde trong for, var folk som gjennom handlingar praktiserte evangeliet, og vitna om sanninga i evangeliet med sine liv. Her hadde Diakonhjemmet si oppgåve, og ikkje i den teologiske strident.

Godal er blitt førar i kampen mot alle vonde makter i tida, skriv Dahl ironisk. Etter Godals svært sjølvsikre og klare tankar høyrer eg til dei «uklare hoder». Med dette uttrykket viser Godal særleg til dei som vil stå imot den moderne nedbrytande teologien, men ikkje stille seg inn under hans førarskap, fortel Dahl til sin danske prestevenn.

Godal har etter alt å dømme forsøkt å løyse motsetningane på ein minneleg måte. I tråd med dette prøvde han å få til ei løysing utan å gå til full konfrontasjon. I eit brev til Dahl sommaren 1912 tok han på ein indirekte måte opp spørsmålet. Utan å nemne konflikten ymta han fram på om det ikkje no var på tide å søkje seg ei prestestilling, som både ville gi betre løn og ordna pensjonsforhold. Dahl mottok brevet mnes han var på ferie i Sogndal hos søstera Kathrine og mannen Olav Hauge, som var styrar ved folkehøgskulen i Sogndal. Det fekk ikkje den verknaden Godal hadde tilsikta, og det er vanskeleg å forstå at han kunne feilvurdere verknaden så totalt. Brevet gjorde eit skakande inntrykk på Dahl. Han oppfatta det som krenkjande og opprørande, fordi han såg på stillinga ved Diakonhjemmet som eit kall frå Gud som han ikkje kunne svikte for betre løn og pensjon. I fleire av breva hans har vi sett at han såg på ei sjølvfornektande og sjølvoppofrande haldning som eit vesentleg, men forsømt element i norsk kyrkjeliv. Dahl forstod sjølv sagt at brevet var ei indirekte oppmoding om å slutte. Saka skulle ordnast i det stille, og han skulle få forlate Diakonhjemmet med ære etter å ha fått ei prestestilling. Han avviste

invitasjonen, og reagerte med å levere sin avskilssøknad med ein gong.

Då søknaden kom opp i styret, ble saka utsett til neste møte for at forvaltaren og overdiakonen skulle kunne innkallast. Sakshandsaminga i styret viser at konflikten omfatta alle dei leiande personane ved institusjonen. På det neste møtet var alle dei innblanda personane samla. Protokollen frå møtet seier ingen ting om det som skjedde, men Dahl gir si framstilling av det i eit av breva til Sigurd Madsen. Slik gjekk det til, seier han. Godal let meg vite at eg handla dumt som ikkje tok imot tilbodet frå han om å gå i det stille. No gjekk han til stormløp mot meg i styret og sette fram fleire klagemål. Teologien min var moderniserande, undervisninga uklar, eg var upraktisk og nervøs og vlanda saman sak og person, eg var uvillig til å samarbeide med forvaltaren og overdiakonen. Kort sagt, Godal meinte eg burde fjernast, skriv Dahl. Eg sa frå om kor tarveleg eg tykte det var at Godal tok imot klager frå einskildelevar over undervisninga utan at eg fekk høyre eit einaste ord. Han fortel også at forvaltaren tok klart parti med Godal, og uttalte at dersom Dahl hadde gått i det stille, då skulle han ha gått med glans og mykje ære og takk.

I brevet til Madsen seier Dahl at han ikkje vil gi seg utan kamp, men skal han bli i forstandarstillinga, er eit av vilkåra at Godal går av som formann. Eg finn det ikkje rett å luske bort når så mange diakonar har vist meg tillit. Skal ikkje min teologi kunne tolast, då er vi oppe i uheldbare tilstandar, skriv han.

Overfor venen i Danmark gir Dahl eit sterkt uttrykk for vilje til å ta opp kampen mot Godal, men kort tid etter dette brevet fekk han eit samanbrot og blei innlagt på Lovisenberg sjukehus. Dette knekte kampviljen, og når dei vilkåra han hadde stilt for å halde fram som forstandar heller ikkje blei innfridde, varsla han i desember styret om at oppseiinga stod ved lag. Dahl slutta ved Diakonhjemmet i februar 1913.